


Ny kommune?

Informasjon om kommunereforma i Nordhordland



Ei trygg framtid ...

Kva inneheld framtida for oss i Lindås, Meland og Radøy? Som ordførarar er vi brennande engasjerte i å skapa så gode lokalsamfunn som mogleg i regionen vår.

Vi veit ikkje kva framtida inneheld, men vi kan sjå kva for ei rivande utvikling lokalsamfunna våre har vore gjennom på berre nokre få tiår. Samferdsle og busetnad, arbeid, fritid, kultur – kort sagt alle sider av tilværet for folk i Nordhordland er no annleis enn for berre nokre få tiår sidan. Våre krav og forventningar til eit godt lokalsamfunn har vore gjennom store endringar.

Arbeidet med å skapa og utvikla gode lokalsamfunn å veksa opp, leva og bu i tek sjølvsagt aldri slutt, men det endrar seg etter som både krav og moglegheiter endrar seg. Vi skal framleis utvikla gode og trygge samfunn med viktige velferdstenester.

Då må vi og sjå om vi er riktig organisert. Skal vi gå saman eller halda fram kvar for oss? Uansett kva val vi tek no, så veit vi at i framtida blir ikkje kommunen som i dag. Krav til kompetanse i velferdstenestene



... enten eller



og kompleksiteten i samfunnsutviklinga gjer at vi må tenkja nytt. Det nye inntektssystemet til kommunane, som regjeringa har lagt fram, vil medføra endringar.

Som ordførarar inviterer vi no alle innbyggjarane våre til å ta del i ein prosess der vi skal ta nokre grunnleggjande val. I denne brosjyra tek vi opp det vi meiner er dei viktigaste sakene, og dei mest sentrale emna vi har forhandla om. Den endelege avgjerla kjem først i juni. Det vil heilt sikkert skje endringar undervegs, særleg fordi dei andre kommunane i Nordhordland, Gulen, Fedje, Masfjorden, Austrheim og Modalen er i ein prosess der dei vil vurdere å slutta seg til avtalen vår. Vi ber derfor alle om å følgja med og engasjere seg.

Vi gler oss til ein spennande debatt om korleis vi skal utvikla lokalsamfunna våre.

Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar i Lindås

Øyvind Oddekalv
Ordførar i Meland

Jon Askeland
Ordførar i Radøy

Vi vil byggja...

Kva er viktig for oss når vi skal vurdera framtidig kommune-struktur? Kva område i livet ditt er det som påverkast av det valet vi skal gjera? Kva kan vi missa, og kva kan vi tena på å byggja ny kommune?

Kommunen, slik vi kjenner han i dag, har fire sentrale roller;

- Kommunen skal planleggja og utvikla gode og trygge lokalsamfunn som gjev ei god ramme rundt kvardagen vår.
- Kommunen har ansvaret for å tilby sentrale velferdstenester innan grunnskule, omsorg og helsestell.
- Kommunen har utøvande makt til å avgrensa handlefridomen til den einskilde borgar og næringslivet, til dømes gjennom makta kommunane har fått i plan- og bygningslova.
- Kommunen er ein viktig del av det norske demokratiet, der innbyggjarane og politikarar tar opp sentrale politiske spørsmål og prioriteringar.



... ein ny kommune



Kommunen har ansvaret for heilt sentrale velferdstenester som vi alle treng i ulike deler av livet. Det er kommunen som står for den omsorga som mange treng for å kunne delta i lokalsamfunnet og leva gode liv. Det er kommunen som har ansvaret for oppvekstvilkåra til barn og unge. Det er kommunen som tek nesten alle dei avgjerder som har skapt nærmiljøet rundt dagleglivet til kvar og ein av oss.

Det valet vi no skal ta vil gripa inn i kvardagen til kvar einskild av oss. I forhandlingsutvalet for ei samanslåing av kommunar i Nordhordland har vi så langt som råd prøvd å ta vare på det som er, og sikra at den nye kommunen blir betre på alle desse områda.

Men vi kan ikkje i detalj seia korleis den nye kommunen blir. Arbeidet med å byggja ein ny kommune tek i realiteten ikkje til før Stortinget har handsama saka i juni 2017.

Proessen



Kommunane i Nordhordland tok sjølv initiativ til ei mogleg samanslåing i 2010. Men det var først då Stortinget i 2014 vedtok ei kommunereform, at prosessen

vart konkretisert. Alle kommunane var inviterte til å vera med, men det er i dag samarbeidet mellom dei tre kommunane Radøy, Lindås og Meland som har kome lengst.

Det vil gå eit år frå kommunane tek avgjersla i juni 2016 til Stortinget slår fast rammene for ein ny kommune. I denne perioden held kommunane fram om lag som før. Gjeldande struktur for ytre tenester vert som i dag fram

til ny kommune har laga ny samfunnsplan. Først hausten 2017 kan arbeidet med å byggja den nye kommunen ta til. Det nye kommunestyret som skal veljast hausten 2019 vil bli viktig for korleis den nye kommunen skal utformast.

Juni 2014:
Stortinget sluttar seg til kommuneproposisjonen med planar for ei kommunereform.

Desember 2014:
Kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy vedtek å innleia drøftingar med andre interesserte kommunar i regionen med tanke på å byggja ny kommune.

Juni 2015:
Stortinget handsamar melding om nye oppgåver for kommunane.

Februar 2016:
Kommunestyra i dei tre kommunane handsamar intensjonsavtalen om å byggja ny kommune.

Vår 2016:
Ulike prosesser i kommunane slik at innbyggjarane blir høyrte før endelege vedtak. Andre kommunar kan slutta seg til avtalen.

Seinast 1. juli 2016:
Frist for kommunestyra til å fatta endelege vedtak om samanslåing.

Haust 2016:
Oppretting av prosjektorganisasjon og fellesnemnd mellom kommunane som har vedteke samanslåing.

Juni 2017:
Stortinget handsamar proposisjon om samanslåing og etablering av nye kommunar.

September 2019:
Val av 43 representantar til kommunestyret i den nye kommunen.

1. januar 2020:
Den nye kommunen er ein realitet.

Sentrale tema

Sjølv om det er kommunestyret i den nye kommunen som skal ta endeleg avgjerse om korleis mykje skal bli, er det alt lagt klare føringar på fleire sentrale område.

Det er semje om at kommunesenteret blir lagt til Knarvik. Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i regionen. Nynorsk skal vera administrasjonsspråk. Nærsentra vil bli lokalisert på Ostereide, Lindås, Knarvik, Frekhaug, Vikebø og Manger.

Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 43 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar.

Tenestetilbodet

Omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimplassar, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera spreidd for å gje nærleik til innbyggjarane.

Barn og unge skal få tilbod om skule- og barnehageplass i heile kommunen. Bibliotek, kjøkken og frivillegsentralene blir frå starten vidareført med dagens lokalisering.



Det vil vera naturleg å samordne kompetanse, der det er trong for å styrkja kompetansemiljø- og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.

Samfunns- og næringsutvikling

Den nye kommunen skal vera ein samla nærings-, arbeids- og utdanningsregion. Nordhordland kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.

Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter

Ingen innbyggjarar skal få høgare kommunal eigedomsskatt som følgje av ny kommune, og vi vil harmonisera skattar og avgifter. Prisenivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile den nye kommunen. Eigedomsskatten på hus og hytter vert fjerna.

Kommunen som arbeidsgjevar

Det skal etablerast ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane. Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og elles gjeld Arbeidsmiljølova sine reglar.

Vil det løna seg?

Korleis vil den framtidige økonomien bli om kommunane slår seg saman?

Vi kan i dag ikkje gje en fasit på korleis dette blir. Kommunane sin skatteinngang avheng av ei rekkje faktorar, mellom anna korleis det går med norsk økonomi, arbeidsløyse osv.

Når det gjeld den andre store inntekta til kommunane, overføringar frå Staten, så har Regjeringa nyleg sendt eit framlegg ut på høyring. Nokre overordna prinsipp vil truleg stå seg etter høyringa:

Basistilskottet som i dag er likt for alle kommunane, blir ikkje vidareført. Kommunens samla areal og kor spreidd folk bur blir teke inn i berekninga. Inntektssystemet vert noko meir nøytralt i høve til innbyggjartal, med likare overføringar per innbyggjar. Dei kommunane som vel å slå seg saman skal få behalde basistilskottet som i dag i 15 år. Deretter blir det ei avtrapping over fem år. I tillegg kjem eit bonustilskott for å ta høgde for kostnader med sjølve samanslåinga.

Mykje er altså usikkert. Med nokre unntak tyder likevel alt på at kommunane i Nordhordland vil koma dårlegare ut økonomisk om dei ikkje slår seg saman.



Korleis blir eg høyrd?



Det er eit sterkt ønske frå alle at innbyggjarane skal involverast og inkluderast i prosessen. Det er og eit krav frå Statlege styresmakter at innbyggjarane skal bli høyrd. Vi oppmodar derfor alle til å engasjera seg i det offentlege ordskiftet. Ta gjerne direkte kontakt med representantane i kommunestyret i din heimkommune. Du finn kontaktopplysingane deira på kommunen sine heimesider.

Vi ønskjer og å få fram den samla folkemeininga om spørsmålet på ein tydeleg måte. Det kan få konsekvensar for den endelege avtalen mellom kommunane. Høyringa vil truleg skje på litt ulikt vis i kommunane. Meland har allereie vedteke at spørsmålet skal avgjerast gjennom ei folkerøysting. For dei andre kommunane står valet mellom ei opinionsundersøking og ei folkerøysting. I begge høve skjer dette i april 2016.

I alle kommunane blir det skipa til folkemøte om saka. Vi oppmodar alle om å få med seg desse, og nytta dei godt til å få svar på spørsmål, og til å fremje sitt syn på saka.

Vil du vita meir?



Denne brosjyra er bygd på intensjonsavtalen som er inngått mellom kommunane Lindås, Meland og Radøy om å byggja ny kommune. Du finn meir informasjon, og kan lesa heile intensjonsavtalen, under valet «kommunereform i Nordhordland» på heimesidene til kommunen din. Informasjonen på desse sidene blir oppdatert kontinuerleg.

I tillegg ligg dokumenta til gjennomsyn på biblioteka i kommunen, samt på dei ulike rådhusa og andre stader der offentlege dokument vert lagt ut til gjennomsyn.

Vil du ha avtalen tilsendt? Ta kontakt med kommunen din, så ordnar vi det.

Grunnlaget for arbeidet med ei kommunereform er eit initiativ frå Regjeringa. Du kan sjå meir om dette på heimesidene om reforma hos Kommunal og moderniseringsdepartementet: **kommunereform.no**

På Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine heimesider kan du og lesa meir om framlegget til nytt inntektssystem for kommunane. Du finn desse sidene under: **regjeringa.no**